



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Rovviltnemnda i region 6
c/o Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, PB 2600
7734 STEINKJER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/3623		122386/2017/K40	Håkon Slutaas, 71 28 03 52	29.09.2017

Innspel på høyring av Revidert forvaltningsplan for rovvilt region 6

Viser til høyring av revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6.

Det vart gjort samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 25.09.2017:

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande merknader til forslaget til revidert forvaltningsplan for region 6:

1. Dei generelle forvaltningsprinsippa som blir lagt til grunn er tydelege og vil vere konfliktdempande for næringa.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar modellen der det ikkje er fylkesvise bestandsmål for gaupe, men eit bestandsmål jamt fordelt utover forvaltningsområdet som omfattar alle fylka.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar at Øvre Sunndal blir tatt ut som forvaltningsområde for jerv. For Møre og Romsdal er det viktig at Øvre Sunndal, som nasjonalt viktig kulturlandskap, blir halde utanfor forvaltningsområdet for jerv.
4. Det blir svært viktig for Møre og Romsdal å få ei felles forvaltning av den sørvestlege jervestammen saman med Oppland. Målet om felles forvaltning av jervestammen saman med Oppland kjem ikkje tydeleg nok fram i planutkastet kap. 3.3.3. Forvaltningsplanen bør seie at det *skal* utarbeidast ein avtale om felles forvaltning saman med Oppland for forvaltninga av jerv. I tillegg bør det settast inn eit avsnitt om felles forvaltning av jervestammen mellom Møre og Romsdal og Oppland i tekstboksen om mål og forvaltning av jerv i planen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt mot mindretalsforslaget om auka bestandsmål for gaupe i Møre og Romsdal. Forslaget vil kunne få store konsekvensar for beitenæringa i Møre og Romsdal og er ikkje i tråd med formålet i rovviltforliket og forvaltningsplanen om ei føreseieleg rovviltforvaltning. Forslaget vil undergrave formålet med rovviltnemnda, som er å sikre ei lokalt forankra og konfliktdempande forvaltning.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Ragna Brenne Bjerkeset
Ass. regional- og næringssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

